

Restauranten i Vertshuset klår til 1. mai

12.04.2007



Røsland, her i Vertshuset: - Restauranten skal vera klår til 1. mai. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eigar Røsland er temmeleg sikker på at sjølve restauranten i Vertshuset skal vera klår til 1. mai. Det vil stå att nokre små justeringar som dei vil halda fram med utover i månaden, men i det store og heile skal alt bli klårt, opplyser Røsland til uskedalen.no.

- Vi er sjølv svært fornøgde med korleis ting etter kvart ser ut og ser fram til den første utepilsen når solen tittar fram og temperaturen tar til å krypa oppover, seier Røsland.

- Men drivar-spørsmålet er enno ikkje løyst?

- Nei, enno har vi ikkje lykkast med å få i stand avtale med nokon som skal driva. Men vi har nokre namn påblokka som vi jobbar med. Og nå vil vi intensivere jakta på drivar då vi føler at produktet vårt no i større gard eignar seg for framsyning enn for nokre månader sidan.

Og eg vil nok ein gong oppmoda interessentar til drifta om å ta kontakt med oss, seier Røsland, Han sit i desse dagar i møter med både interessentar og leverandørar til Vertshuset.

Av Ola Matti Mathisen